

## **KVELDSETE ØRSKOG HISTORIELAG:**

### **ÅRSSKRIFT MED BREITT INNHOLD**

Ørskog historielag inviterte til kveldsete onsdag 3. desember – siste kveldssamling i 2014. Temaet denne kvelden var laget sitt årsskrift nr 24 – 2014. Dette har i år vorte ei bok i større format og med meir innhald enn nokon gong. Skriftnemnda stod som arrangør av kveldseta der fleire av artikkelforfattarane tok del. Bjørn Steinar Skarbø frå skriftnemnda ga ein generell presentasjon av boka og retta ei takk til alle bidragsytarar. Fire av desse tok del med eigne presentasjonar: Karin Årdal som har fleire artiklar. Denne kvelden ga ho oss litt meir knyttta til det vi finn under overskrifta: «Sjøholt telegraf- og rikstelefonstasjon. Ein kvinnearbeidsplass i 96 år». Ragnar Bakken – som har skrive om: «Ei reise gjennom 200 år med skiftande «ektefellar», ga eit kort resymé av Ørskog kommune si historie fram til i dag – med hovudvekt på 1965-77. Einar Landmark er ein sentral bidragsytar til årsskrifta, slik også i år. Han ga glimt frå artikkelen om Nicolai Wergeland og hans røter til Ørskog. Vi fekk også høyre litt om bakgrunnen til Wensell-slekta på Sjøholt. Tore Gjære har fleire bidrag i boka. Vi fekk glimt frå «Maskinveita i Gjære» Bautaen på Vestre og restaureringa av deler av Postvegen med opning i august 2014. Vi tek elles med at Rolv Amdam og Ole Øystein Nybø fekk godord frå skriftnemnda for bidrag gjennom ei årrekkje – også i år. Årsskriftet inneheld mykje meir – så her er lesestoff både for jula og lenger til. Alle medlemmer får boka tilsendt. Vi nemner også at ho er å få kjøpt på butikkar og bank på Sjøholt. Ei fin julegåve! Praten gjekk til slutt friskt rundt borda til kaffi og god bløtkake. Godt 20 personar hadde avsett nokre timar på Kyrkjetorget denne kvelden. Frå Historielaget vil vi til slutt ønskje alle medarbeidarar og støttespelarar eir god jul og vel møtt til nye oppgåver og samlingar i 2015.

Ragnar Bakken – sekr. – ØH.